

Fråsegn til Hordaland fylkeskommune frå årsmøte i Visit Austevoll

Årsmøtet i Visit Austevoll har 25. april 2019 vedteke følgjande fråsegn til fylkesordførar, fylkesutvalet og utval for miljø og samferdsel i Hordaland fylkeskommune:

Det må etablerast bestillingsstopp i Bekkjarvik for snøggbåten mellom Bergen og Sunnhordland, for turane 9 og 30.

I dag er slik at ovannemnte turar ikkje har anløp i Bekkjarvik, men båten siglar rett forbi gjennom Bekkjarviksundet. Snøggbåten er eit svært viktig kommunikasjonsmiddel for reisande mellom Bergen, Austevoll og Sunnhordland. Det er dessutan stort potensial for å auke talet på reisande på dei eksisterande turane, og særleg på turane midt på dagen som har lågast belegg.

Visit Austevoll, reiselivsbedrifter i kommunen og Austevoll kommune har ved fleire høve tatt opp behovet for at snøggbåten også må kunne anløpe Bekkjarvik midt på dagen. At det er trong for dette kjem stadig til uttrykk i førespurnader til Skyss og Norled. I budsjett for 2019 har Austevoll kommune sett av midlar for å bidra til å finansiere eventuelle kostnader som fast anløp/bestillingsstopp vil medføre for fylkeskommunen. Kommunens vilje til å bidra i finansieringa er kjent for Hordaland fylkeskommune, men er dessverre ikkje følgd opp.

Austevoll er ein svært viktig reiselivskommune i Hordaland, med eit stort tal fritidsbustader og stadig fleire gjestande, særleg til Bekkjarvik og Bekkjarvik Gjestgiveri. Snøggbåten er ein svært effektiv og god måte for reisande å kome seg frå Bergen, Flesland og Sunnhordland, til Bekkjarvik, men dessverre anløper båten berre morgen og ettermiddag. For reiselivsnæringa vil det ha stor verdi at båtens turar midt på dagen også kan ha anløp i Bekkjarvik.

Fleire anløp i Bekkjarvik hastar. Det er trong for at dette kan kome på plass på forsommaren, slik at tilbodet er oppe og går i den viktigaste delen av turistsesongen.

Årsmøte i Visit Austevoll ber derfor Hordaland fylkeskommune om å sørge for at snøggbåten mellom Bergen, Austevoll og Sunnhordland så snart som mogleg får anløp av snøggbåten på dens turar midt på dagen (tur 30 med avgang frå Bergen kl. 12.15, og tur 9 med avgang frå Leirvik kl. 10.10).

For Asta Johannessen
Styreleder Visit Austevoll

Gunn Mette Kvist
Sekretær Visit Austevoll